



RF – Rogalandsforskning. <http://www.rf.no>

**Sverre Nesvåg og Olav Befring**  
**Evaluering av NSRM**  
**Forprosjekt**

Rapport RF – 2005/097

Prosjektnummer: 7201979  
Prosjektets tittel: Evaluering av NSRM  
Kvalitetssikrar: Terje Lie

Oppdragsgjever(e): NSRM  
Forskningsprogram:

ISBN: 82-490-0362-4  
Gradering: Åpen

## Forord

Norsk senter for rusfri miljøutvikling, NSRM, har gjeve RF-Rogalandsforskning i oppdrag å gjennomføre ei evaluering av tiltak som fell inn under organisasjonen sitt arbeid for å fremje rusførebyggande arbeid i Noreg. Medlemsorganisasjonane som fell inn under NSRM er Norske Lagsbruk (NL), Norske Misjonshotell, Gjestehus & Ungdomssenter (NM-Hotels), Landslaget for Alkoholfrie Serverings- og Samlingsstader (LASS) og Norske Vandrerhjem (NV).

Evaluatingsprosjektet er delt i to fasar, eit forprosjekt med utgangspunkt i 27 verksemder og eit hovudprosjekt som skal femne alle dei vel 550 verksemndene tilslutta dei landssamanslutningane som samarbeider innanfor NSRM. I forprosjekt-fasen har målsettingane vore å:

- Få eit oversyn over verksemder, tiltak og målgrupper.
- Utvikle forskbare hypotesar om dei rusførebyggande effektane tiltaka kan tenkast å ha.
- Utvikle eit metodisk design for prosjektet.
- Utvikle spørjeskjema og intervjuguidar.
- Gjennomføre ei prøve-datainnsamling (pilot studie).
- Analysere data primært for å teste om dei utvikla metodane kan komme til å gje svar på dei hypotesane som er formulert.

I denne rapporten vil vi presentere resultata og erfaringane frå dette forprosjektet og presentere planane for gjennomføringa av hovudprosjektet.

Stavanger, 23.mai 2005

Sverre Nesvåg, prosjektleiar

## **Innhald**

|     |  |    |
|-----|--|----|
| 1   | INNLEIING.....   | 4  |
| 2   | HYPOTESAR.....   | 4  |
| 3   | METODE OG GJENNOMFØRING.....   | 5  |
| 3.1 | Spørjeundersøkingar.....   | 6  |
| 3.2 | Feltarbeid og nettverkstudiar.....   | 8  |
| 4   | NOKRE RESULTAT FRÅ ANALYSEN AV DET INNSAMLA<br>MATERIALET OG VURDERING AV METODANE ..... | 10 |
| 4.1 | Spørjeskjemaundersøkingane.....  | 10 |
| 4.2 | Feltarbeida.....   | 14 |
| 4.3 | Organisasjonsnettverk .....  | 15 |
| 5   | OPPSUMMERING OG PLAN FOR HOVUDPROSJEKTET.....  | 17 |
| 5.1 | Hypoteseutvikling .....  | 17 |
| 5.2 | Metodeutvikling .....  | 19 |
| 5.3 | Oppsummering av nokre førebelse evaluatingsresultat .....                                | 20 |

## Innleiing

Intensjonen NSRM hadde for å inngå avtalen om ei forskningsbasert evaluering, var todelt. For det første har NSRM blitt stilt overfor dei same auka krava til dokumentasjon av ”sannsynlege” førebyggande effektar av sitt arbeid, som det Sosial og helsedirektoratet har stilt til andre organisasjoner som søker om statlege tilskot. For det andre, og kanskje mest framtredande i denne samanhengen, har det i NSRM låge eit ønske om å utvikle ein organisasjon som på best mogeleg vis legg til rette for det arbeidet medlemsorganisasjonane gjer. Dette gjeld og kunnskapsgrunnlaget for det rusmiddelførebyggande arbeidet.

Også for RF er det ein todelt intensjon for å gå laus på eit prosjekt som dette. For det første ser vi det som ei stor utfordring å utvikle eit evalueringsdesign som på eit forskingsmessig godt grunnlag kan seie noko om effekten av førebyggande tiltak (NoU 2003:4). Det stiller RF overfor utfordringar i forhold til den vitskapsteoretiske og metodiske ståstadan vi ved RF ønskjer å innta. For det andre vil vi ved RF ta del i utviklinga av eit breitt kunnskapsgrunnlag for utviklinga av det rusførebyggande arbeidet ut frå ei forståing av den rolla alkohol og andre rusmiddel spelar for enkeltmennesker, sosiale og kulturelle fellesskap, og i samfunnet i det heile.

Evalueringa er planlagt i to fasar, eit forprosjekt og eit hovudprosjekt.

Vi har nå avslutta den første fasen der vi har utvikla hypotesane om effektar, arbeidd med kategoriseringar av verksemder og målgrupper ut frå mange dimensjoner, utvikla og prøvd ut ulike metodar og datainnsamlingsinstrument, og føretatt ein fyrste analyse av mogelege samanhengar mellom tiltak og effektar i forhold til ulike målgrupper, i ulike sosiale og kulturelle kontekstar.

Vi har i denne fasen tatt utgangspunkt i dei 27 verksemndene som har fått statlige tilskott for utvikling av sine verksemder, formidla gjennom sine landssamanslutningar. Grunngjevinga for dette er todelt. For det første har desse måttå forplikte seg til å delta aktivt i og ”utsette seg” for ei evaluering av sine verksemder. For det andre har vi gått ut frå, og nå fått erfart, at representantar for disse verksemndene har viktige erfaringar og kunnskap, som vi har kunna trekke aktivt med i ein dialog om utviklinga av design og metode for evalueringa.

## Hypotesar

Verksemndene under NSRM spenner over eit breitt spekter som rusfrie spisestader, overnattingsstader, aktivitetssentra, ungdoms- og klubbhøi. Verksemda har eit svært stort omfang. Innanfor dei fire landssamanslutningane er det ca. 550 verksemder med ca. 3,5 millionar besøk i året. Med ei så omfattande og vidfemnande verksemde, med så mange målgrupper, vil og dei rusførebyggande effektane måtte sokast på fleire måtar.

Evalueringa har starta med å utvikle dei hypotesane som er lagt til grunn for utforminga av design og metodar i forprosjektet. Dei fyrste hypotesane vart utvikla av RF på grunnlag av vårt teoretiske grunnlag og dei erfaringane vi har gjort i tidligare evalueringar av rusførebyggande arbeid. Desse hypotesane blei så drøfta med representantar frå dei involverte verksemndene på to dagsseminar i Oslo 10. og 11. oktober 2004. Ut frå desse drøftingane har vi så kome fram til desse hypotesane om kva for effektar dei ulike tiltaka og tilboda innan NSRM sine verksemder kan tenkast å ha:

- Direkte effektar av spesifikke tilbod og tiltak med uttalte eller implisitte rusførebyggande målsettingar, på verdiar, kunnskap og åtferd blant dei målgruppene tilboda og tiltaka retter seg mot.
- Indirekte effektar på rusmiddelkulturen (dominerande og opposisjonelle sett av verdiar og kunnskap) i lokalsamfunn eller i større sosiale og kulturelle nettverk, gjennom å være synlege og aktive sosiale og kulturelle arenaer og fellesskap.
- Stadfestande og forsterkande effektar i forhold til målgrupper som ynskjer eller treng å oppretthalde ein rusfri livsstil.
- Gjev tryggleik for at barn og unge kan verte tilbode rusfrie overnattings- og spisestader når lag og organisasjonar er på turar og arrangement.
- Gjev andre reisande (både ferie/fritids- og forretningsreisande) eit rusfritt overnattings- og spisetilbod, slik at desse lettare kan oppretthalde ein livsstil utan eller med eit avgrensa alkoholkonsum.

Ut frå dei teoretiske perspektiva som her er gjort greie for og dei hypotesane som me har utvikla, har vi så utvikla og gjennomført eit metodisk design for prosjektet.

### 3 Metode og gjennomføring

Som ein start på dette prosjektet gjennomførte RF hausten 2004 ei rundreise blant eit utval av medlemsorganisasjonane i NSRM (dei 27 som skulle vere med i forprosjektet). Turen gjekk frå Stavanger, sørover via Kristiansand, nordover via Hamar til Namsos og så sørover langs kysten tilbake til Stavanger. Det var i denne første runda ikkje mogeleg å rekke over alle medlemsorganisasjonane som hadde sagt seg villige til å delta i denne utviklingsrunda. Vi tenkjer her på IKUL i Mosjøen og Ungdomslaget Rett leid i Troms. IKUL i Mosjøen vart seinare vitja i samband med feltarbeidet i Levanger. Komplet reiserute og oversikt over tiltaka elles ligg som vedlegg 1 i denne rapporten.

Det var satt av ca ei veke til rundturen, og siktet målet var å få eit innblikk i, og dermed danne grunnlag for ei høveleg kategorisering av tiltaka for ei seinare datainnhenting. Kategoriseringa vart drøfta på seminara i Oslo i oktober 2004, og danna så grunnlaget for RF sitt vidare arbeid. Utfordringane for RF har vore å tilpasse alt eksisterande og validerte metodar, og eventuelt med utvikling av nye innfallsvinklar. I forprosjektet har vi gjennomført følgjande undersøkingar:

| Målgruppe  | Type undersøking                        | Antal respondentar                         |
|--|---|--|
| Dei verksemde som hadde fått tilskot frå SHdir i 2004                                  | Vitjing og dokument                     | 26 verksemder                              |
| Kundar – NM-Hotels og NV   | Spørjeskjema                            | 154 kundar                                 |
| Barn og unge som var deltagarar på arrangement i regi av LASS og NL                    | Spørjeskjema                            | 189 barn/unge                              |
| Vaksne deltagarar på arrangement i regi av LASS og NL                                  | Spørjeskjema                            | 78 vaksne deltagarar                       |
| Leiarar og frivillige på arrangement i regi av LASS og NL                              | Spørjeskjema                            | 56 leiarar/frivillige                      |
| Verksemder innan LASS og NL, og andre aktørar i deira lokalsamfunn                     | Feltstudiar med intervju og observasjon | Eit stort antal aktørar i tre lokalsamfunn |
| Verksemder innan NM-hotels og organisasjonar som formidlar deltagarar til deira tilbod | Telefonintervju                         | 3 organisasjonsrepresentantar              |

**Tabell 1. Undersøkingar i forprosjektet**

Det store mangfaldet av metodar (metodetriangulering) er grunngjeve med den vidfemnande verksemda innan NSRM og dei mange og ulike verknadane og effektane av denne verksemda vi har som mål å undersøke. Dette er eit krevjande men naudsynt design i høve til dei ulike hypotesane vi har sett oss føre å teste i dette prosjektet.

### 3.1 Spørjeundersøkingar

Det er utvikla fire dels ulike spørjeskjema i prosjektet, eit kundeorientert skjema retta mot overnattings- og spisestader, eit kartleggingsskjema retta mot den primære målgruppa i prosjektet, altså ungdom mellom 12 og 17 år, eit skjema retta mot vaksne som deltek på eit av organisasjonane sine arrangement, og eit retta mot frivillige/leiarar som er med på å planlegge og gjennomføre slike arrangement. Dei fire spørjeskjema ligg ved som vedlegg 2 til rapporten.

### **3.1.1 Kundeundersøking**

Kundeundersøkingsskjema vart sendt til Kristiansand Vandrarheim, Vikingskipet Vandrarheim på Hamar, Hermon Høyfjellssenter i Hol kommune, Kafé Globus i Drammen, Utsyn kafé og gjestehus i Kristiansund og Hovden Vandrarheim på Lundane. Kvar organisasjon fekk ca 150 skjema med tilhøyrande svarkonvoluttar. Det har kome 154 utfylde skjema i retur frå denne runden. 110 av desse har kome frå ei av verksemndene og det gjer at materialet er blitt svært skeivt. Materialet gjev likevel eit grunnlagt til å vurdere nytten av skjemaet opp mot hypotesane og logistikken i utsending, utfylling og retur av skjema. Vi hadde håpt på fleire svar, men har nok ikkje tatt tilstrekkeleg høgde for lågesong, særleg blant vandrarheimane. Dette trur vi i alle fall delvis forklarar den låge responsen, og er ei erfaring vi må ta med oss i det vidare arbeidet. I hovudprosjektet må vi passe på å gjennomføre kundeundersøkingane på eit tidspunkt som kan gje eit meir solid datamateriale. Tidleg haust synest å passa best for alle dei verksemndene vi skal dekke i prosjektet.

### **3.1.2 Deltakarar i lokale arrangement**

For å fange opp effekta av tiltak i verksemder som fyrst og fremst driv på frivillig basis, valde vi å ta utgangspunkt i konkrete lokale arrangement. Det gjorde det mogeleg å utforma spørsmål som tok utgangspunkt i det arrangementet som respondenten var på, når han eller ho fylde ut skjemaet. Erfaringa er at svara blir betre dess meir konkrete spørsmål ein kan stille.

Så snart verksemndene hadde oversikt over kor tid dei skulle gjennomføre eit arrangement i regi av sin organisasjon og kor mange dei forventa skulle delta, gav dei beskjed om dette til RF. RF sende så alle spørjeskjema med svarkonvolutt til kontaktpersonen for arrangementet. Denne hadde så ansvaret for å dele ut, samle inn og sende skjema tilbake til RF. Det vart og gjennomført trekning av ein vinnar av ein MP3 spelar blant dei ungdomane som var villige til å svare på spørsmåla i skjema. Vaksne og frivillige var ikkje med på denne trekninga. Tilbakemeldingar tyder på at dette ikkje vil vere naudsint i eit hovudprosjekt. Så lenge utfyllinga av skjema skjer på sjølve arrangementet sikrar det at mange nok svarer.

Grindheim Ungdomslag hadde i prosjektperioden berre arrangement for born 6-8 år, så dei fell vekk i denne runda. Det same gjaldt Ungdomslaget Idun som ikkje hadde nokon oppmøtte og Eikås Ungdomslag som ikkje var komen skikkeleg i gang med sin ungdomsklubb.

Då me sette fristen for innsamling av skjema, hadde følgjande medlemsorganisasjonar gjennomført og sendt inn svar frå deltakarar/arrangørar/frivillige på sine arrangement:

| <i>Deltakarar</i>             | <i>Org.</i> | <i>Kontaktperson</i> | <i>Undersøkingsdato</i> |
|-------------------------------|-------------|----------------------|-------------------------|
| Audna Ungdomslag              | NL          | Ann Kristin Klev,    | 16.2.2005               |
| Søgne Ungdomslag              | NL          | Hans Olav Homme      | 11.2.2005               |
| Solåsen leirsted og leirskole | NMG         | Jan Erik Sivertsen   | 12.2.2005               |
| BUL Oslo, Rusfri Storstue     | NL          | Kari Bøyum           | 15.2.2005               |
| Solabu Ungdomslag             | NL          | Tor Åge Evenstuen    | 18.2.2005               |

|                        |    |                    |           |
|------------------------|----|--------------------|-----------|
| Ungdomslaget Rett Leid | NL | Trude Berg         | 22.2.2005 |
| Hemne Ungdomslag       | NL | Tore Stavås        | 4.3.2005  |
| Valderøy Ungdomslag    | NL | Alice K Farstad    | 4.3.2005  |
| Stadtlandet Ungdomslag | NL | Margit Hamre Fløde | 5.2.2005  |
| BUL Ervingen           | NL | Gro Vetås          | 5.2.2005  |
| Jondal Ungdomslag      | NL | Øyvind Sollesnes   | 5.2.2005  |

Til saman har vi fått inn 189 svar frå barn og unge (12-18 år) og 78 vaksne som hadde delteke på desse arrangementa, og 56 frivillige/leiarar som hadde stått for eller hjulpe til under arrangementa. Vi meiner dette vil vere eit tilstrekkeleg materiale til å vurdere kvaliteten på skjema, logistikken i gjennomføringa av undersøkingane og kunne gjennomføre nokre fyrste analysar opp mot dei formulerte hypotesane.

### 3.2 Feltarbeid og nettverkstudiar

Parallelt med innsamling av kvantitative data vart det lagt opp til relativt intensive feltstudiar med intervju på tre utvalde lokalsamfunn, Kvinesland Ungdomslag i Tysvær kommune, Smelteverket i Levanger og Solhaug Rusførebyggingsenter i Frosta kommune. I tillegg til desse planlagde feltstudia vart det også gjort eit litt kortare besøk med intervjurundar i Mosjøen.

#### Kvinesland Ungdomslag

Feltbesøket vart lagt opp som ein maraton-dag den 17. februar, med intervju og samtaler frå klokka 8 om morgonen til klokka 22 på kvelden. Besøket var planlagt av Gro Sørensen i ungdomslaget, som hadde gjort ei rad intervju-avtaler i ulike instansar på dagtid og eit opphold på ungdomshuset på kvelden, som gjorde det mogeleg å snakka med mange folk og sjå på dans, leikarring og revyøving. Det vart gjennomført intervju og lengre eller kortare samtalar med følgjande personar/instansar:

- Tysvær Bygdeblad (redaktør og to journalistar)
- SLT-koordinatoren i kommunen
- Kultursjefen og kulturkonsulenten i kommunen
- Tre ungdomar ved ungdomsskulen i bygda
- Eit eldre medlem/tidligare leiar av ungdomslaget
- Den noverande leiaren av ungdomslaget
- Medlem av revygruppa
- To ungdomsleiarar for leikarringen for barn
- Foreldre til barn i leikarringen
- To medlemer som dreiv med ombyggingsdugnad – ny ungdomsklubb
- Leiaren og foreldre for ein sportsdansekklubb som driv ei omfattande verksemeld i ungdomshuset (innleie)

## **Smelteverket, Levanger kommune**

Programmet for feltstudiet i Levanger var planlagt og tilrettelagt i forkant av besøket, og det var lagt opp til at dei ansvarlege ved Smelteverket sjølv kunne avgjerde kven de meinte det var viktig at RF fikk kontakt med. Besøket vart kombinert med besøket til Solhaug Rusforebyggingssenter som ligg i nabokommunen Frosta. Det vart satt av tre dagar totalt i Levanger og Frosta, ein og ein halv dag på kvar plass, i perioden 16.-18.2.2005.

I samband med intervjurunda i Smelteverket vart det satt av tid til tre individuelle intervju, to gruppeintervju og ei omvising med vilkår for å sjå på bruken av huset/kafeen. Ungdomsleiaren for Smelteverket deltok på to av intervjeta:

- Leiaren i Smelteverket
- Tidlegare metodistpastor, no adm. leiar i Nordic mission
- Gruppeintervju med utvalde brukarar, seks ungdomar av begge kjønn i alderen 15 – 25 år
- Fylkespolitikar (KrF)
- Gruppeintervju med ungdomsleiar og sivilarbeidar/VOKT arbeidar i Smelteverket

## **Solhaug Rusforebyggingssenter, Frosta kommune**

Intervju- og observasjonsrunda i og rundt Solhaug Rusforebyggingssenter gjekk over to intensive dagar, der RF vart følgt rundt av leiari for senteret og satt i kontakt med eit breitt spekter personar og institusjonar. Leiaren deltok ikkje i sjølve intervjeta, med unntak av det der han sjølv vart intervjeta, men fungerte som sjåfør og frakta RF rundt til dei ulike. RF fekk og høve til å delta på ein aktivitetskveld og gjennomførte uformelle gruppessamtalar med ”eit ras” av ungdomar. Ettersom det her var snakk om personar under 18 år der det ikkje var henta inn samtykke frå føresette, vart desse samtalane ikkje tatt opp på band. RF brukte i denne intervjeta berre notisblokk. Intervjeta og observasjonane vart gjort i perioden 17. – 18.2.2005.

Leiaren samla og inn og overleverte til RF eit utdrag avisartiklar der Solhaug var i fokus, og desse er og lagt til grunn for det vidare analysearbeidet.

- Tilsett i Levanger Kommune, Kultur og helseetaten
- Tilsett ved Midtnorsk kompetansesenter ved Høgskulen i Nord-Trøndelag
- Gruppeintervju med leiari for Norske Kvinners Sanitetsforeining i Nord-Trøndelag, og medlem av Lions i Nord-Trøndelag Besteforeldre og bidragsytarar til Solhaug
- Gruppeintervju med staben på Solhaug, som bur og jobbar på senteret for eit år av gongen
- Observasjon av, og gruppeintervju med brukarane på Solhaug, 12 – 20 år.

- Intervju med tilsette på Åsen Barne og Ungdomsskole (Lærarar og fagpersonar) og individuelle og uformelle samtalar med eit utval yngre brukarar, 7 -10 år
- Telefonintervju med Barnevernet i Verdal kommune, oppdragsgjevar for særskilde tenester frå Solhaug
- Intervju med leiar og initiativtakar av Solhaug Rusforebyggingsenter
- Pressekontakt – RF vart intervjua av Trønderavisa

Til saman har desse feltstudia gitt oss eit omfattande materiale om dei tilboda og tiltaka desse verksemndene driv og den rolle verksemda og lokala har for lokalsamfunnet. Dette er eit svært verdifullt materiale for den tolkinga og forståinga som er naudsynt for å kunne gje ei god analyse og av det kvantitative materialet.

### **Nettverksundersøkingar**

I det opphavlege opplegget var det tenkt at vi skulle få til ei kartlegging av nettverket til tiltak som rettar seg inn mot ungdom via leirstad tilbod. Horve Leirstad og leirskule i Sandnes var tenkt brukt som ”forsøkskanin” i dette arbeidet. Vi har nå gjennomført 3 telefonintervju i nettverket rundt Horve (Horve leirstad og Normisjon), og har dermed fått testa denne metoden i prosjektet.

## **4 Nokre resultat frå analysen av det innsamla materialet og vurdering av metodane**

### **4.1 Spøreskjemaundersøkingane**

#### **4.1.1 Kundeundersøkinga**

Sidan ei av verksemndene er så dominante, er det nokre tydelege skeivheitar i materialet. Vandrarheimar utgjer berre 20% av svara og det er kun eitt svar frå pensjonat og ingen frå restaurant/kafe. 85% av svara er frå verksemder i mindre tettstader eller bygdesamfunn. 61% av kundane var saman med familien, 29% med vene og 50% med foreining eller lag (mogeleg å sette fleire kryss). Det som vi har fått svært få av, er arbeidsreisande, aleine eller med fleire kollegar (4% svarer dei er på slik reise).

Dei som svarer, varierer mykje både i forhold til alder, kjønn, sivilstatus, utdanning og yrke. I forhold til alkohol er det ein markert høgare andel som ikkje drikk (32% i utvalet mot ca. 10 i den vaksne befolkninga). Men det er også 21% som svarer at dei drikk stort sett kvar veke.

Det at staden ikkje har alkoholservering, er ein grunn til at 56% valte nettopp denne staden. Elles er det prisen (38%) og kvaliteten (40) og omgjevnadane (67%) som naturleg nok er viktig for val av stad (mogeleg å sette fleire kryss). Det er i det heile ein svært stor andel som svarer at dei er heilt eller delvis einige i påstandar om den rolla det har at staden er alkoholfri. Til dømes: 87% ønskjer å støtte slike alkoholfrie stader, 93% at det er viktig at det finns slike stader, 73% at dei føretrekk å drikke minst mogeleg i samband med jobben, 90% at alkoholbruk ikkje passer til formålet med opphaldet og 93% at den alkoholfrie staden gjev tryggleik for barn og unge.

Det er ”berre” 29% som svarer at det ikkje speler nokon rolle om staden er alkoholfri. Svaret på dette spørsmålet korrelerer med kor ofte ein drikk elles ( $r=0,351^{**}$ )<sup>1</sup>. Av dei som ikkje drikk i det heile var det ”berre” 17% som ikkje tilla dette noko vekt. Blant dei som var kundar på vandrarheimar var det 46% som ikkje meinte det var noko viktig.

#### **Vurdering av metoden:**

Jamt over er det svært lite fråfall av svar og få teikn på mistydingar i dei innleverte skjemaene. Det tyder på at sjølve designet og måten å spørje på har vore meiningsfull. Nå har vi ikkje fått testa skjemaet på reine spisestader og i stor nok grad for arbeidsreisande. Vi må derfor tenke nøye igjennom korleis skjemaet kan komme til å fungere for desse.

Det er og to spørsmål som må endrast. Spørsmålet om talet på alkoholeiningar drukke siste veke er ikkje skikkelig forstått og er og unødvendig. Spørsmålet om kor ofte ein har drukke siste år gjev eit tilstrekkeleg bilet av alkoholvanane til dei som svarer og kan og samanliknast med tilsvarande spørsmål til andre grupper i andre undersøkingar.

Det andre spørsmålet er serien med påstandar. Desse synest å skilje for lite. Vi må derfor sjå om vi kan finne fram til andre påstandsformuleringar som betre får fram variasjonen i haldning og grunngjevingar for å velje desse overnattings/spisestadene framfor andre. Dette vil og styrke grunnlaget for å teste hypotesar om den rolla slike stader spelar for kundane sine haldningar og val. Særleg må vi få inn påstandar om i kva grad val av stad held ved like eller fremjar fråhald eller ein meir avgrensa bruk av alkohol blant kundane.

#### **4.1.2 Barn/unge som deltar på aktivitetar**

Vi fekk inn svar på spørjeskjema frå 189 barn og unge som var deltarar på eit arrangement i regi av lokallag av Noregs Ungdomslag (Norske Lagsbruk) eller Landslaget for Alkoholfrie Serverings- og Samlingsstader (LASS). Av desse var det ei lita overvekt av jenter (55%) og flest i aldersgruppa 13 – 15 år (58%, mot 14% 10-12 år og 28% 16-18 år). I forhold til familieforhold og deltaking i andre fritidsaktivitetar synest ikkje utvalet å skilje seg frå annan ungdom. Dei fleste arrangementa var opne for alle (90%) og innhaldet i arrangementet gjekk på musikk (66%) og dans (81%). Men det

---

<sup>1</sup> \*\*= $p<0,01$  (statistisk signifikans). Korrelasjon: Pearsons r.

var og mange arrangement med eit vidt spekter av aktivitetar som teater, data, spel osb. (mogeleg å sette fleire kryss). Dei fleste (60%) hadde vore på færre enn 5 slike arrangement i 2004, men mange (16%) hadde vore på fleire enn 10 slike arrangement. Eit lite fleirtal (57%) er ikkje medlem av den organisasjonen som sto for arrangementet.

I forhold til eigne rusvanar skil desse ungdomane seg frå det vi har funne i andre undersøkingar. 75% svarer nei på spørsmål om dei har vore rusa av alkohol minst ein gong (har debutert) Men blant desse har debutalderen vore låg for svært mange (4 av 5 under 14 år). Av dei som drikk, er det og berre 14 personar som sist dei drakk, drakk meir enn 6 AE (AE = standard alkohol eining) blant gutane og 4 AE blant jentene. Det er langt mindre enn det vi har funne i andre undersøkingar. Det er og mange som svarer at dei kunne tenke seg ein rusfri livsstil, 48% heile livet og endå 23% fram til dei er 18 år. Sjølv blant dei over 16, er 43% som kunne tenke seg ein rusfri livsstil. Dei synest og godt om ungdomar som ikkje drikk. Svært få synest dei er einsame, kjedelige, prektige eller festbremser. Ca. to tredeler meiner dei heller er sjølvstendige ungdomar som tør å skilja seg ut og over halvparten meiner dei er som alle andre ungdomar.

Når dei skal ta stilling til generell utsegner om alkohol og alkoholens rolle for dei sjølve og for andre, ser vi og at dette jamt over er alkoholrestriktive ungdomar. To tredeler ønskjer ikkje at venene drikk alkohol eller at det er lettare å nærme seg den ein er forelska i om ein har drukke litt, tre firedeilar meiner at alkoholbruk ikkje vil gjere dei meir populære og 93% meiner at alkohol sløvar sansane. Dei er meir usamde i kor lett det er å vere den einaste som ikkje har drukke på ein fest og kor stor grad fest og alkohol høyrer saman på deira heimstad. Det er og verdt å merka seg at det trass alt er i mindre gruppe deltakarar på desse arrangementa som både drikk alkohol og som har eit meir liberalt syn på både alkohol og hasj (11% er heilt ueinig i at hasj er meir skadeleg enn alkohol og 19 er litt eller heilt einige i at aldersgrensa for å kunne kjøpe alkohol burde vore lågare). Ei meir detaljert analyse av denne gruppa vil vere interessant i eit hovudprosjekt. Ikkje minst i forhold til deira grunnar for å vere med på slike arrangement og det utbyte dei har av å vere med.

I grunngjevinga for å kome på arrangementet er alkohol eit viktig tema. 84% er med fordi det er kjekt å treffen andre utan at det er drikkepress og 73% deltar ofte på alkoholfrie arrangement. Elles er det lysten til å bli med på kjekke aktivitetar som trekk ungdomane til arrangementet.

### **Vurdering av metoden:**

Det er jamt over meir fråfall av svar i denne undersøkinga enn i kundeundersøkinga. Dette er vanleg i undersøkingar retta mot ungdom men vi må sjå kritisk på fleire av spørsmålsformuleringane i eit hovudprosjekt. Som vi veit frå før, fungerer dei konkrete og situasjonstilknytta spørsmåla best. Det er og mange som vel å ikkje krysse noko heller enn å krysse for "uaktuelt", "veit ikkje" osb. og her bør avkryssingsalternativa endrast.

Vi ser at det ikkje trengst så mange spørsmål for å få eit bilet av rusvanane til dei som svarer. Vi bør heller forlenga lista av grunngjevingar og konkrete verknader av arrangementa i forhold til eigne rusmiddel-haldningar og vanar.

#### **4.1.3 Vaksne deltagarar**

Det kom inn svar frå 78 vaksne deltagarar på dei aktuelle arrangementa. Det var fleire kvinnelige enn mannlige deltagarer (64% kvinner). Aldersmessig er det ei noko spesiell fordeling. Det var 55% under 30 år, nesten ingen mellom 30 og 40 (3%) og 42% over 40 år. 56% av deltagarane er ugifte og 75% har ikkje omsorgsansvar for barn. Blant dei under 30 er det 87% som ikkje har omsorgsansvar for barn og blant dei over 40 er det 52% som ikkje har det. 48% av deltagarane er lønsmottakarar og 46% er studentar.

Det er nokre fleire som ikkje drikk alkohol blant desse deltagarane (19%) enn i befolkninga elles, men ut over det er det stor variasjon i vanar. 33% drikk alkohol stort sett kvar veke.

Som for dei unge deltagarane er og dei fleste av arrangementa (83%) opne for alle. Eit lite fleirtal (56%) er medlem av den organisasjonen som sto for arrangementet. Dei fleste av arrangementa er sosiale treff med musikk og dans, men nokre inneheld og fleire andre aktivitetar som teater og andre kulturelle aktivitetar. Det er like stor deltaking frå kvinner og menn og frå yngre og eldre på dei ulike typane arrangement. 10% av arrangementa var møter med dagsorden og her deltok det ein større andel yngre menn. I forhold til ungdomsundersøkinga var det langt fleire som hadde delteke på mange arrangement tidligare, både denne typen og andre i organisasjonen sin regi. 20% hadde delteke på meir enn 10 arrangement i 2004.

Den grunngjevinga som flest oppgjev for å delta er eit dei finn det meiningsfullt for eigen del (91%), og i forhold til å vera saman med barn/unge (66%) og andre vaksne (80%). Den er faktisk ein større andel av mennene enn av kvinnene som oppgjev at det er meiningsfullt å vera saman med andre. Elles er det grunngjevingar i samband med at arrangementa er alkoholfrie som skårar høgast. 71% svarer at slike arrangement er eit godt alternativ til arrangement med alkoholservering, 61% deltek ofte på alkoholfrie arrangement, og 55% meiner at dette arrangementet har ein rusmiddelførebyggande effekt.

#### **Vurdering av metoden:**

Det er svært lite fråfall av svar og andre teikn på at spørjeskjemaet ikkje fungerer. Igjen gjev det lita meiningsfullt å spørje om talet på alkoholeiningar siste veke. Kor hyppig ein har drukke siste år gjev eit godt nok grunnlag til å vurdere alkoholvanane til deltagarane samanlikna med befolkninga elles. Rekka av påstandar som deltagarane skulle ta stilling til, gjev ganske varierte svar og synest difor å fungere godt. Men igjen vil det vera viktig å utvida med påstandar som går direkte på arrangementa sine verknader på deltagarane sine eigne haldningar og vanar i forhold til alkohol.

#### **4.1.4 Leiarar/frivillige**

Det kom inn svar frå 56 personar som var leiarar eller frivillige på dei aktuelle arrangementa. Blant desse er det nokre fleire kvinner enn menn (57%), mange unge under 20 år (40%) og mange i den aldersgruppa det var få av blant dei vaksne deltagarane, 30-39 år (34%). Trass i den unge alderen er det mange lønnsmotakarar (57%) og ”berre” 35% studentar. Det er og relativt mange gifte/sambuande (50%) og mange med omsorgsansvar for barn (53%). Vi har ikkje gått nærmare inn i ei analyse av

dette i denne omgang, men mykje tyder på at ein stor del av leiarane/dei frivillige anten er unge som er arrangørar for andre unge eller vaksne foreldre som er arrangørar for barn/unge og i noko mindre grad for andre vaksne ("berre" 21% av arrangementa var for vaksne).

Det er ein relativt stor andel som ikkje drikk alkohol eller som drikk sjeldan. Dette må og analyserast nærare, men mykje tyder på at det kan ha samanheng med at det er mange unge leiarar/frivillige og mange med omsorgsansvar for barn (som vi veit frå andre undersøkingar, har samanheng med lågt alkoholforbruk).

Det ser ut til at dei som har svart deler seg i to klare grupper når det gjeld sitt engasjement i forhold til organisasjonen og arrangementa. Ein halvpart deltok på under 5 arrangement i 2004 medan den andre halvparten deltok på meir enn 10 arrangement, og 27% på meir enn 30 arrangement i organisasjonen sin regi. Dette har og ein klar samanheng med om dei er tillitsvalde, vanlege medlemmer eller ikkje medlemmer ( $r=0,410^{**}$ ).

Halvparten av leiarane/dei frivillige følte seg forplikta til å stille opp, færrest blant dei med ubetalte verv. Elles er dei fleste av dei grunnane vi sette opp for å vere med, viktige for leiarane/dei frivillige: 85% finn det meiningsfullt for eigen del, 91% vil støtte organisasjonen, 91% opplever dette som ein fin måte å delta i frivillig arbeid i lokalsamfunnet, og 89% opplever det som ein meiningsfull måte å vere saman med barn og unge på (mot "berre" 65% i forhold til å vere saman med andre vaksne). Grunngjevingar i forhold til at arrangementa er alkoholfrie skårer og høgt. 87% meiner det er gode alternativ til arrangement med alkoholservering og 92% meiner dette arrangementet har ein rusmiddelførebyggande effekt. 70% deltek ofte på rusfrie arrangement.

### **Vurdering av metoden:**

Det er lite fråfall av svar og andre teikn på vanskar med å fylle ut skjemaet. Elles gjeld dei same punkta for forbetring av denne undersøking som dei tre andre. I tillegg kjem at skjemaet ikkje har fanga opp variasjonen i alder under 20 år. Det er mange unge leiarar og frivillige og her må svarkategoriane endrast. Det er og behov for å få inn nokre fleire spørsmål (påstandar) som rettar seg mot rollene som leiarar og frivillige.

## **4.2 Feltarbeida**

Feltarbeida viser kor ulik posisjon verksemndene har i dei lokalsamfunna dei er ein del av. Vi ser eit døme der verksemda framstår som eit relativt lukka tilbod for ei gruppe innanfor lokalsamfunnet. For dei som er med, er tilbodet særskilt viktig, både sosialt og ideologisk, men i forhold til lokalsamfunnet rundt er tilbodet meir "sekterisk" sjølv om dei har klare målsettingar om å nå fleire i lokalsamfunnet med sitt tilbod. Dei framstår fyrst og fremst som eit synleg alternativ til den dominerande kulturen.

I den andre enden av skalaen finn vi ei verksemnd som er svært aktiv, utadretta og nyskapande. Dei har utvikla seg i stor fart og er med på å prege både den sosiale og kulturelle situasjonen i lokalsamfunnet. Dei er klårt kulturkritiske i forhold til den rolla alkohol tradisjonelt har spela i lokalsamfunnet, men på ein måte som verkar forlokkskande

og inkluderande. Dei legg stor vekt på å etablere samarbeidsliner til så mange andre lokale aktørar og instansar som mogeleg.

I det tredje døme finn vi ei verksemelding som har spela ein dominante rolle i det sosiale og kulturell livet i lokalsamfunnet. Men dei dreg også med seg ei dobbelthaldning i forhold til kva rolle alkoholen spela; både den fuktige festkulturen og den ”nasjonsbyggande” folkelege kulturen der alkoholen ikkje skulle vere viktig. Etter kvart har dei fått konkurransen av ei rekke andre aktørar som meir framstår som organisasjonar for fritidsaktivitet enn som kulturorganisasjonar. For ungdomslaget har dette betydd at dei har mått finna ein mellomveg der dei både ”konkurrerer” om folk si fritid, samstundes som dei vil oppretthalde si rolle som kulturyggjar. I den samanheng er dei gode barne- og ungdomstilboda med oppøving av sosiale og kulturelle ferdigheiter og ein rusfri samværskultur, eit viktig virkemiddel. I forhold til dei vaksne drar dei nok framleis med seg den tvetydige haldninga til alkohol.

### **Vurdering av metoden:**

Korte feltarbeid i lokalsamfunn å frå halvannen til tre dagar, ar vist seg å gje eit svært omfattande og rikt datatilfang. Sjølv om det er reisutgifter forbunde med feltarbeida, er det likevel ein særslig effektiv metode. Nyten ligg både i dei einskilde data som vert samla inn men også i den utvida forståinga av den sosiale og kulturelle konteksten som verksemndene arbeider innanfor. Det er viktig at både observasjonar og intervju blir gjennomført på ein slik måte at informantane er mest mogeleg frie til å svare og at vi får fram ulike informantar sine forteljingar og vurderingar av dei same saksforholda. Dette gjer det også mogeleg å tolke dei kvantitative data frå spørjeskjemaundersøkingane på ein mykje meir utfyllande måte (metodetriangulering).

## **4.3 Organisasjonsnettverk**

**Horve ungdomssenter**, eigmend og driven av Normisjon region Rogaland har eksistert i snart 40 år og er godt eit kjent aktivitetssenter i regionen. Senteret opererer med ein leirstad, som er fokus for dette prosjektet, og ein eigen leirskule retta mot ungdom i 6.-7-klasse i grunnskulen. Normisjon arrangerer kvart år om lag 20 leirar på Horve, og leiger i tillegg senteret ut til kyrkjelydar, firma, kurs/konferansar, weekendar og bryllaup. Senteret har over 100 sengeplassar (firemannsrom) fordelt på to internat, og eit aktivitetstilbod som blant anna omfattar badeplass, fotballbane, trampoline og eit stort skogsområde med gode vilkår for terrengsykling, fjellklarting, kano- og kajakkpadling, fisking mm. Hovudbygget inneheld peisestove, aktivitetsrom, møtesal, matsal og eit moderne kjøkken med ein fast tilsett. Leirane til Normisjon er godt profilert i misjonsnettverket og det vert brukt relativt lite pengar sentralt på annonsering og liknande. Senteret trykkjer opp vel 4000 informasjonsbrosjyrar som distribuerast via Normisjon sitt nettverk, men nokre av desse brosjyrane vert og liggande framme på Horve, og er tilgjengeleg for alle besøkande.

**Leirskuledelen av Horve Ungdomssenter** starta opp i 2000, men er alt rekna med som ein av Norsk Leirskuleforeining sine anbefalte leirskular og er registrert i Leirskulekatalogen som sendast rundt til alle skulane. Leirskulen er betjent i sommarhalvåret, med eige undervisingsopplegg på dagtid, og retta hovudsakeleg mot

skulane på Nord-Jæren (særleg Sola, men og Sandnes og Stavanger mfl.), og det er Sandnes kommune som har arbeidsgjevaransvaret for pedagogisk leiar i denne perioden. Leirskulen får og skuleklassar frå andre delar av regionen/landet. I oppstarten av leirskulen vart det blant anna arrangert møter med rektorar, primært frå skular i Sola kommune, for å informere om leirskulen, men per dags dato går det meste av reklamen på ”ryktebørsen” eller via nettsida [www.horveleirskole.no](http://www.horveleirskole.no). Leirskulen hadde i 2004 besøk av 850 elevar, som også er ny besøksrekord. Ved slutten av kvar leir vert det delt ut eit evalueringskjema til lærarane og nokre lærreprøver til elevane, men det elles ingen oppfølging via den kanalen.

**Når det gjeld leirdelen av Horve Ungdomssenter**, er dette eit godt døme på ein nettverksaktør, og som har fleire ”fangarmar” retta mot ungdom ute i regionen. Senteret er i første rekke ei misjonsmark, men breidda i typen ungdomar som kjem dit, er slik at dei truleg og femner utanom meir ”kyrkjelege” krinsar. Dette gjenspeglast og i variasjonen i bakgrunn blant leirleiarane som vert rekruttert blant tidlegare leirdeltakrar. Det er Acta, Normisjons barne- og ungdomsorganisasjon, som er ansvarlege for leiranane på Horve.

Acta har eit todelt nedslagsfelt. På den eine sida brukar dei Normisjon sine kartotek over medlemmar til å sende ut invitasjonar til leir. For 2005 sende dei tildømes ut invitasjon til alle som er fødd i perioden 1988-2000. Skjema for registrering vart tidlegare trykt i medlemsbladet, men vert no hovudsakeleg delt ut ved ulike arrangement i bedehus miljøa i regionen. Dette er såleis ungdommane sitt første møte med Horve. Når så ungdomane først har vore innom, registrerast dei i eit kartotek som brukast til å rekruttere leirleiarar som skal bistå i gjennomføringa av seinare arrangement. Ungdomane, 15-17 år, får leiaropplæring/kurs og støtte frå Acta. Alle som har vore med på kurs vert følgt opp og nokre vert rekruttert inn som leiarar og kurshaldarar. Acta opererer med ein leiar som kvar har ansvar for fire leirleiarar på leiranane. Opplæringa er variert og hadde tidlegare eit segment omkring dette med rusproblematikk, men som førebels er tatt ut. Rus er no i første rekke eit spørsmål om regelverket på Horve, og forbode på området.

Gjennom dette relativt hierarkiske nettverket, legg altså Acta hovudsakeleg vekt på å lære opp og følgje med leirleiarane. Oppfølging av andre ungdommar går først og fremst gjennom bedehusmiljøklubbar, og deira leiing. Ein får dermed ei oversiktleg og ganske overkommeleg ansvarsfordeling utover i systemet.

### **Vurdering av metoden:**

Telefonintervju som datainnsamlingsmetode skulle oppfylle to viktige funksjonar i denne runda. For det første skulle intervjuet gi oss ei grei oversikt over kva infrastruktur tiltaket opererte i, og kva verkemidlar dei hadde tilgjengeleg for å nå målgruppene, og for det andre skulle ringerunden sette oss i kontakt med andre aktørar i nettverket. Begge desse delane fungerte tilfredsstillande ved Horve, men i eit prinsipielt perspektiv er dette noko sårbart, og vil ikkje, utan at metoden kombinerast med andre metodar, kunne trygge eit representativt utval av oppfatningar i forhold til kor godt nettverket er til å nå målgruppa. Metoden vil dermed i første rekke måtte sjåast som ein innleiande datainnsamlingsmetode, eventuelt med oppfølgjande kontakt undervegs i prosessen dersom det er naudsynt.

## **5 Oppsummering og plan for hovudprosjektet**

Målet med forprosjektet har vore tredelt:

- Vidareutvikle operasjonaliserbare og differensierte hypotesar i forhold til dei ulike verksemndene, tilboda, aktivitetane og målgruppene innanfor dei fire hovudsamanslutningane i NSRM.
- Utvikle og prøve ut metodar, skjema og intervjuguidar for innsamling av ulike typar data i eit utval verksemder.
- Foreta dei fyrste analysane av mogelege samanhengar mellom ulike typar verksemder, tilbod og aktivitetar, og ulike typar effektar i forhold til dei forskjellige målgruppene som verksemndene rettar seg mot.

Dette arbeidet skal så danne grunnlaget for å designe og gjennomføre ei representativ evaluering av alle dei 550 verksemndene som er tilslutta hovudsamanslutningane i NSRM. Vi vil nå fyrste oppsummere våre erfaringar og resultat i forhold til dei tre målsettingane i forprosjektet og så skissere det metodiske opplegget for eit hovudprosjekt.

### **5.1 Hypoteseutvikling**

Formulering av hypotesar om verknader må ta utgangspunkt i dei målsettingane om verknader som er formulert i sjølv evaluatingsoppdraget. I regelverket for tilskot frå Sosial- og helsedirektoratet heiter det: "Det gis tilskudd til prosjekter/tiltak som kan sannsynliggjøre rusmiddelforebyggende effekt og som har evaluerbare mål." Når det gjeld kva ein meiner med rusmiddelforebyggande effekt så viser ein til målsettingar i blant anna Regjeringa sin handlingsplan, om redusert totalforbruk av alkohol, endring i skadelege drikkemønster, og heving av debutalder.

Samstundes veit ein mykje om kor mange forhold og kompliserte samanhengar det er som kan forklare både omfanget og mønsteret i bruk av rusmidlar i eit samfunn og i kor stor grad rusmiddelbruken representerer ein risiko for ulike typar skadeverknader. Det må difor vere legitimt å måla verknader og i forhold til dei faktorane som påverkar rusåtferda, like mykje som å måla verknader på åtferda direkte. Dette både fordi den spesifikke effekten av eit tiltak på åtferd kan vere metodisk vanskeleg når eit kontrollert design ikkje er mogeleg, og fordi verksemndene sine målsettingar faktisk kan vere retta mot faktorar som ein ut frå forsking og meir erfaringsbasert kunnskap, meiner påverkar åtferd. Dette er og ein måte å sannsynliggjere rusmiddelforebyggande effekt.

I forprosjektet har vi ved Rogalandsforskning, aleine og i dialog med oppdragsgjevar og representantar for verksemndene, hatt dette som utgangspunkt når vi utvikla det settet av hypotesar som er gjengjeve i kapittel 2. I eit hovudprosjekt må vi arbeide vidare med desse hypotesane. Særleg synes det viktig å trekke sterkare inn dei ulike rusførebyggande målformuleringane som dei fire landssamanslutningane i NSRM og dei einskilde verksemndene har for si verksemde.

Målsettinga om rusførebygging er mest eksplisitt uttalte for NSRM som fellesorganisasjon. Det er nettopp mål og visjonar om å bidra i det rusførebyggande arbeidet som er grunnlaget for fellesskapet mellom dei fire landssamanslutningane. I desse samanslutningane er dei rusførebyggande målsettingane svært ulikt uttrykt og grunngjeve.

Norske lagsbruk er eit tenesteapparat for alle lagshus i Noregs Ungdomslag. Noregs Ungdomslag definerer seg fullt og heilt som ein kulturorganisasjon som skal bidra til å utvikle tradisjonelle og nye folkelege kulturytringar. Dei har nyleg hatt ein omfattande debatt om kva for målsettingar dei skal ha i forhold til alkoholbruk og rusførebyggande arbeid. På siste landsmøte blei vedtekten endra slik at dei lokale laga har fått eit større spelerom i forhold til desse spørsmåla. Det er og ei kjend sak at praksis i forhold til alkoholbruk og målsettingar om rusførebygging varierer svært mykje frå lag til lag. Men det står og klart i § 13 at ”Noregs Ungdomslag skal arbeide aktivt for å skape ein attraktiv, rusfri samværskultur. Alle tilskipingar på sentralt plan skal vere rusfrie.” Dette er og ei målsetting som er med å prega praksis i dei ulike laga.

For Norske Vandrerhjem er det at tilbodet skal vere alkoholfritt sett på som ein kvalitet ved tilbodet. Særleg gjeld det tilbodet til frivillige organisasjonar og lag. Dette ser organisasjonen og i samanheng med den fellesskapskulturen dei ønskjer skal prege vandrarheimane. Men ingen stad i presentasjonen av tilbodet overfor kundane er det eksplisitt nemnt at tilbodet er rusfritt. Dette er noko gjestene veit eller erfarer når dei kjem. Det er kvaliteten på tilbodet og miljøet og tryggleiken for både vaksne og barn som blir marknadsført.

NM-hotels legg vekt på mykje av dei same kvalitetane ved sitt tilbod slik som Norske Vandrerhjem gjer det. Dei konkurrerer nok og meir med dei same komfort- og utstyrskvalitetane som andre hotellkjeder marknadsfører, men vil utmerke seg ved å vere ”litt utenom det vanlige”. Dei presenterer seg då og med ein eksplisitt uttale om rusfridom: ”Vi ønsker at gjestene våre skal få oppleve gjestfrihet fra hjertet i et rusfritt miljø.”

LASS er den samanslutninga som mest eksplisitt uttrykker rusfridom som mål og verkemiddel i si verksemnd. Slagordet er ”rusfritt vertsskap” og målet er å representer rusfrie soner i lokalsamfunna.

Innanfor helseområdet skil ein mellom sjukdomsførebyggande og helsefremmande arbeid. Ei slik oppdeling er nok ofte mest av teoretisk interesse, men i det helsefremmande arbeidet har ein eit vidare perspektiv på kva som må gjerast om ein skal kunne fremma helse og hindra sjukdom. Med dei målsettingane verksemndene innanfor NSRM har for sitt arbeid, er det viktig å tenke i same utvida tyding av omgrepet rusførebygging. Heilt frå starten har vi då og formulert hypotesar om verknader som rettar seg mot forhold og faktorar som fremmer ein livsstil og ein samværskultur der alkoholbruk (og andre rusmidlar) har ein mindre plass enn det vi elles ser i samfunnet i dag.

I dialogen med verksemndene har dette utvida perspektivet møtt stor gjenkjennung. Det synest som om dei utvikla hypotesane vi nå har formulert, dekker den spennvidda av mogelege effektar som arbeidet til verksemndene i NSRM representerer.

## **5.2 Metodeutvikling**

I søknaden til direktoratet vart det lagt opp til ei evaluering som skulle dekke heile det store omfanget og variasjonen i NSRM-verksemndene. Direktoratet sitt tilskot er 200.000 kr. lågare enn det som blei stipulert i denne fyrste planen, og vi må difor vere svært nøyne med å vurdere korleis dei ulike metodane skal kunne tilpassast denne reduserte ramma.

Erfaringane frå forprosjektet tilseier at vi bør vidareføre dei metodane vi prøvde ut i denne fasen, i eit hovudprosjekt. Men det er fleire sider ved dei enkelte metodane som bør utviklast og endrast.

### **5.2.1 Spørjeskjema**

Undersøking med spørjeskjema til dei ulike målgruppene av leiarar, frivillige og deltakarar i arrangementa til verksemder i LASS og NU, og til kundar ved overnattingssstader, spisestader og aktivitetssentra i LASS, NV og NM-hotels, synest å fungera godt som metode for å samle inn data frå den omfattande og varierte verksemda som her må dekkast. Vi har tidlegare peikt på kva for endringar i dei einskilde skjema som er naudsynte. Særleg viktig er det å utvikle spørsmål/påstandar som endå betre fangar opp samanhengane mellom arrangementa og deira direkte innverknad på haldningar og alkoholvanar hos deltakarane.

I hovudprosjektet vil vi ta sikte å trekke eit utval på 200 personar i kvar analysekategori. Dersom vi tek utgangspunkt i fire målgrupper slik som i forprosjektet gjev det eit bruttoutval på 800 personar. Vidare må vi sikre at utvalet inneheld verksemder som representerer ein variasjon i forhold til geografi, kor store lokalsamfunna er og verksemndtype. Ei tredobling av bruttoutvalet vil vere tilstrekkeleg til å sikra ein slik variasjon, slik at bruttoutvalet blir på 2400 respondentar.

Sjølv gjennomføringa av desse undersøkingane vil verte gjennomført på same måte som i forprosjektet, men i tillegg vil vi legge ved eit eige skjema til kontaktpersonane for å få nærmare opplysningar om dei arrangementa/verksemndene som er utgangspunktet for undersøkinga.

### **5.2.2 Feltarbeid**

Feltarbeida er ein metode som synest å vera heilt naudsynt for å plassera verksemndene inn i ein lokal samanheng. Det er berre denne typen data som kan seie oss noko om korleis NSRM sine verksemder plasserer seg i forhold til fleire andre aktørar og krefter som er med på å forme lokale livsstilar, samværskulturar og dermed og den rolla alkohol spelar i fellesskap og for einskildpersonar.

I hovudprosjektet planlegg vi å gjennomføre 6-8 korte feltarbeid med utgangspunkt i ei maksimal spennvidde av verksemder. Opplegget med ei serie av intervju, samtalar og observasjonar synest å vera ein effektiv metode for å samle inn store mengder relevant informasjon for evalueringa. For å sikre mest mogeleg effektiv metodetriangulering bør vi velje lokalsamfunn der vi og har gjennomført spørjeskjemaundersøkingar.

### **5.2.3 Telefonintervju**

Kombinasjonen av spørjeskjemaundersøkingar og feltarbeid synest å vere ei fullgod metodetriangulering for å samle inn dei typar data som trengst for å evaluere dei verksemdene som har lokalsamfunnet som sin relevante kontekst. For dei som driv mest på kommersiell basis er det ein reiselivsmarknad som er mest interessant. Her meiner vi kunderundersøkingar, slik vi alt har gjort greie for, er den beste metoden.

